

Saksprotokoll frå møtet i Formannskapet - 29.11.2018

PS 99/18 Årsbudsjett 2019 - Økonomiplan 2019-2022

Behandlingsinformasjon:
Saka vart drøfta.

På vegne av KRF, SP og AP la Odd Arne Eidem (KRF) fram eit alternativt forslag til budsjett (vart synt på skjerm).

Hans Petter Sørensen (AP) la fram slikt tillegg til siste kulepunkt i punkt 5 i Eidems forslag:

Formannskapet ber rådmannen straks å sette i gang ein prosess med å utgreie den administrative og strukturelle organiseringa av kommunen i alle sektorar og nivå. Målsetninga er å oppnå ein "effektiviseringsgevinst".

Pause for gruppemøter.

På vegne av Høgre og FRP la Olav Harald Ulstein (FRP) fram slikt alternativt forslag til budsjett:

Kapittel 10 går ut, med unntak av:

<i>Spesialpedagogisk hjelp</i>	<i>kr 916.508</i>
<i>Styrking undervisning</i>	<i>kr 400.000</i>
<i>BUAS styrking</i>	<i>kr 1.500.000</i>
<i>Vidareført støtte Designvegen</i>	<i>kr 212.000</i>
<i>Redusert foreldrebetaling</i>	<i>kr 450.000</i>
<i>Bu og rehab. ny brukar</i>	<i>kr 739.000</i>

I tillegg til dette:

<i>Utbetaling til SIL:</i>	<i>kr 250.000</i>
<i>Stikk Ut</i>	<i>kr 150.000</i>

Totalt kr . *kr 4.617.508*

Finansiering som synleggjort i kap. 10, og i tillegg:

<i>Energiøkonomisering BUAS</i>	<i>kr 300.000</i>
<i>Aktivering av timebruk</i>	<i>kr 1.000.000</i>
<i>Ekstra utbytte Sykkylven Energi AS</i>	<i>kr 3.000.000</i>
<i>Reduksjon disposisjonsfond</i>	<i>kr 2.821.500</i>

Hans Petter Sørensen trekte forslaget sitt om tillegg til siste kulepunkt i punkt 5 i Eidems forslag.

På vegne av KRF, SP og AP la Odd Arne Eidem (KRF) la fram slikt endringsforslag til budsjettforslaget som vart lagt fram tidlegare i møtet:

Drifts- og investeringsbudsjett 2019 mv:

1. Inntekts- og formuesskatt

Det kommunale skatteøret skal vere høgast lovlege sats for alle grupperingar. Formuesskatten vert også rekna etter høgast lovlege sats.

2. Eigedomsskatt

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ for skatteåret 2019 nyttast:

g) faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Eigedomsskatten vert sett til 1 promille (esktl. § 13).

Spørsmålet om eigedomsskatt for seinare år i perioden er det det nye kommunestyret som skal ta stilling til. Men ein konsekvens av dette punktet betyr at satsen maksimalt kan setjast til 2 promille i 2020 osb.

3. Sykkylven kommunestyre godkjenner rådmannens utkast til investeringsbudsjett år 2019-2022, med tillegg som går fram av tabell nedanfor.

4. For å finansiere investeringane i år 2019, vert ubrukte lånemidlar nytta. Ev. låneopptak i 2019 vert å ta med i årsbudsjett/økonomiplan 2019-2022.

5. Sykkylven kommunestyre godkjenner driftsbudsjettet/økonomiplan for år 2019-2022, slik det går fram av utkast frå rådmannen i Budsjettskjema 1A og 1B med desse endringane:

- Budsjettet skal reduserast med rådmannens forslag til "utgiftstiltak utover konsekvensjusterte budsjett" (sjå kap. 10), unnateke spesialpedagogisk hjelp kr 916.000, Buas styrking kr 1.980.000, styrking undervisning kr 500.000, redusert foreldrebetaling barnehage kr 450.000, Bu og rehab. ny brukar, kr 739.000, og vidareført støtte Designvegen kr 212.000 (totalt kr 4.797.000). I tillegg vert budsjetttramma for teknisk driftseining redusert med kr 283.000.*
- Driftseiningane må elles finne dekning innanfor eigne rammer for dei øvrige tiltaka i kap. 10. Dette må einingane sjølve vurdere opp mot drifta elles og andre prioriteringar dei har.*
- Kommunal del spelemidler kr 300.000.*
- Energiøkonomitiltak Buas – reduksjon i energikostnader kr 300.000 (teknisk drift).*
- Aktivering av timeforbruk og andre kommunale ressursar knytt til ny sentrumsskule, kr 1.000.000.*
- Utbytte frå Sykkylven Energi AS vert auka med kr 3.000.000 for 2019.*
- Den økonomiske effekten av endringane ovanfor gjer at kommunen får frigjort kr 2.382.614 som går attende til disposisjonsfond med merknad om at dette skal nyttast til den nye sentrumsskulen.*
- Endringane ovanfor med unntak av auka utbytte frå energiverket og energisparingstiltaket på Buas som skal høgast til kr 600.00 pr. år, skal også leggjast inn i langtidsbudsjettet for 2020-2022, med ev. saldering mot fond.*

- *Formannskapet ser at den økonomiske situasjonen til Sykkylven kommune ikkje kjem til å betre seg i dei nærmaste åra. Vi er inne i ein periode der vi mellom anna står framføre store investeringar og stadig større krav til dei tenestene vi leverer. Eigedomsskatten i seg sjølv vil ikkje klare å dekke inn framtidige utgifter. Vi må ta grep for at vi skal kunne nå vår målsetjing om å ha gode offentlege tenester til innbyggjarane. Vidare skal alle einingar gå gjennom bemanninga for å vurdere om det kan gjennomførast reduksjonar på talet på tilsette i løpet av året. I denne gjennomgangen skal det settast særleg fokus på å redusere administrative funksjonar og i størst mogleg grad skjerme stillingar i direkte tenesteproduksjon.*

Formannskapet ber soleis rådmannen straks å sette i gang ein prosess med å utgreie den administrative og strukturelle organiseringa av kommunen i alle sektorar og nivå. Målsetninga er å oppnå ein effektiviseringsgevinst.

6. Rådmannen får fullmakt til å fordele hovudpostane i budsjettskjema 1B i samsvar med budsjett dokumenta og dei endringane budsjettvedtaket gir.

7. Dei endelege nettorammene for einingane er bindande for administrasjonen si disponering av budsjettmidlane.

8. Garantiramma for sosiallån vert fastsett til kr 350.000. Den øvre grensa for einskildgarantiar innanfor den samla ramma etter dette punktet, vert sett til kr 150.000. Dersom ein garanti for sosiallån vert effektiv, skal saka leggast fram for Levekårsutvalet som må avklare oppdekking innanfor samla budsjettammer. Om naudsynt, er det Levekårsutvalet sitt ansvar å ta saka opp med formannskap og kommunestyre.

9. Kommunale betalingsattsar er avklara i eigne saker.

10. For året 2019 vert ordførarombodet sett til 100 prosent. Ombodsgodtgjeringa vert sett i samsvar med kommunestyrevedtak PS 46/17.

11. For året 2019 vert varaordførarombodet sett til 10 prosent av eit årsverk, og ombodsgodtgjeringa for dette vert sett til same prosent av ordførarens godtgjersle.

12. Kommunestyret forventar at administrasjonen legg fram for formannskapet månadleg oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien, samanlikna med budsjett. Kommunestyret vert informert tertialvis i høve til møteplan.

13. Økonomiplanen år 2019 er grunnlaget for arbeidet med årsbudsjettet for år 2019. Budsjettutkast frå administrasjonen vert då fremja i samsvar med ei driftsramme og investeringsramme som økonomiplanen fastset.

14. Det skal tertialvis leggast fram oversikt over tal på tilsette og årsverk samanlikna med budsjettvedtaket og bruk av overtid fordelt etter hovudkapittel.

15. Ved utarbeiding av budsjettutkastet for 2020 må det takast omsyn til signal om trekk i rammeoverføringar, bortfall av statlege tilskott som er tidsavgrensa o.l., slik at budsjettutkastet ikkje legg opp til eit for høgt driftsnivå!

16. Administrasjonen blir oppmoda om å utgreie muligheita for å innføre eigedomsskatt på energiverk, overføringsanlegg og kraftlinjer. Dette skal leggast fram for formannskapet i god tid før årsbudsjettet for 2020 skal behandlast.

Investeringsbudsjett:

Rådmannens utkast til investeringsbudsjett vert vedteke med desse tillegg for 2019:

Investeringsbudsjettet:

<i>Enøk-tiltak BUAS</i>	<i>2 250 000</i>
<i>Trafikktryggleiktiltak</i>	<i>150 000</i>
<i>Flaumsikring</i>	<i>300 000</i>
<i>Styrking vegar</i>	<i>2 000 000</i>
<i>Nysætra veg - mot fond (over tid)</i>	<i>10 000 000</i>
<i>Til disp rådmann/formannskap</i>	<i>1 000 000</i>
<i>Endringsforslag</i>	<i>15 700 000</i>

Avrøysting:

Forslag frå Høgre og FRP fekk 4 røyster og fall.

Forslag frå KRF, SP og AP fekk 5 røyster og vart vedteke.

Vedtak: som forslag med endringar frå KRF, SP og AP

Formannskapet rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

Drifts- og investeringsbudsjett 2019 mv:**1. Inntekts- og formuesskatt**

Det kommunale skatteøret skal vere høgast lovlege sats for alle grupperingar.

Formuesskatten vert også rekna etter høgast lovlege sats.

2. Eigedomsskatt

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ for skatteåret 2019 nyttast:

g) faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Eigedomsskatten vert sett til 1 promille (esktl. § 13).

Spørsmålet om eigedomsskatt for seinare år i perioden er det det nye kommunestyret som skal ta stilling til. Men ein konsekvens av dette punktet betyr at satsen maksimalt kan setjast til 2 promille i 2020 osb.

3. Sykkylven kommunestyre godkjenner rådmannens utkast til investeringsbudsjett år 2019-2022, med tillegg som går fram av tabell nedanfor.

4. For å finansiere investeringane i år 2019, vert ubrukte lånemidlar nytta. Ev. låneopptak i 2019 vert å ta med i årsbudsjett/økonomiplan 2019-2022.

5. Sykkylven kommunestyre godkjenner driftsbudsjettet/økonomiplan for år 2019-2022, slik det går fram av utkast frå rådmannen i Budsjettskjema 1A og 1B med desse endringane:

- Budsjettet skal reduserast med rådmannens forslag til "utgiftstiltak utover konsekvensjusterte budsjett" (sjå kap. 10), unnateke spesialpedagogisk hjelp kr 916.000, Buas styrking kr 1.980.000, styrking undervisning kr 500.000, redusert foreldrebetaling barnehage kr 450.000, Bu og rehab. ny brukar, kr 739.000, og vidareført støtte Designvegen kr 212.000 (totalt kr 4.797.000). I tillegg vert budsjettramma for teknisk driftseining redusert med kr 283.000.

- Driftseiningane må elles finne dekning innanfor eigne rammer for dei øvrige tiltaka i kap. 10. Dette må einingane sjølve vurdere opp mot drifta elles og andre prioriteringar dei har.
- Kommunal del spelemidler kr 300.000.
- Energiøkonomitiltak Buas – reduksjon i energikostnader kr 300.000 (teknisk drift).
- Aktivering av timeforbruk og andre kommunale ressursar knytt til ny sentrumsskule, kr 1.000.000.
- Utbytte frå Sykkylven Energi AS vert auka med kr 3.000.000 for 2019.
- Den økonomiske effekten av endringane ovanfor gjer at kommunen får frigjort kr 2.382.614 som går attende til disposisjonsfond med merknad om at dette skal nyttast til den nye sentrumsskulen.
- Endringane ovanfor med unntak av auka utbytte frå energiverket og energisparingstiltaket på Buas som skal høgdast til kr 600.00 pr. år, skal også leggest inn i langtidsbudsjettet for 2020-2022, med ev. saldering mot fond.
- Formannskapet ser at den økonomiske situasjonen til Sykkylven kommune ikkje kjem til å betre seg i dei nærmaste åra. Vi er inne i ein periode der vi mellom anna står framføre store investeringar og stadig større krav til dei tenestene vi leverer. Eigedomsskatten i seg sjølv vil ikkje klare å dekke inn framtidige utgifter. Vi må ta grep for at vi skal kunne nå vår målsetjing om å ha gode offentlege tenester til innbyggjarane. Vidare skal alle einingar gå gjennom bemanninga for å vurdere om det kan gjennomførast reduksjonar på talet på tilsette i løpet av året. I denne gjennomgangen skal det settast særleg fokus på å redusere administrative funksjonar og i størst mogleg grad skjærme stillingar i direkte tenesteproduksjon.

Formannskapet ber soleis rådmannen straks å sette i gang ein prosess med å utgreie den administrative og strukturelle organiseringa av kommunen i alle sektorar og nivå. Målsetninga er å oppnå ein effektiviseringsgevinst.

6. Rådmannen får fullmakt til å fordele hovudpostane i budsjettskjema 1B i samsvar med budsjetttdokumenta og dei endringane budsjettvedtaket gir.

7. Dei endelege nettorammene for einingane er bindande for administrasjonen si disponering av budsjettmidlane.

8. Garantiramma for sosiallån vert fastsett til kr 350.000. Den øvre grensa for einskildgarantiar innanfor den samla ramma etter dette punktet, vert sett til kr 150.000. Dersom ein garanti for sosiallån vert effektiv, skal saka leggest fram for Levekårsutvalet som må avklare oppdekking innanfor samla budsjettammer. Om naudsynt, er det Levekårsutvalet sitt ansvar å ta saka opp med formannskap og kommunestyre.

9. Kommunale betalingssatsar er avklara i eigne saker.

10. For året 2019 vert ordførarombodet sett til 100 prosent. Ombodsgodtgjeringa vert sett i samsvar med kommunestyrevedtak PS 46/17.

11. For året 2019 vert varaordførarombodet sett til 10 prosent av eit årsverk, og ombodsgodtgjeringa for dette vert sett til same prosent av ordførarens godtgjersele.

12. Kommunestyret forventar at administrasjonen legg fram for formannskapet månadleg oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien, samanlikna med budsjett. Kommunestyret vert informert tertialvis i høve til møteplan.

13. Økonomiplanen år 2019 er grunnlaget for arbeidet med årsbudsjettet for år 2019. Budsjettutkast frå administrasjonen vert då fremja i samsvar med ei driftsramme og

investeringsramme som økonomiplanen fastset.

14. Det skal tertialvis leggast fram oversikt over tal på tilsette og årsverk samanlikna med budsjettvedtaket og bruk av overtid fordelt etter hovudkapittel.

15. Ved utarbeiding av budsjettutkastet for 2020 må det takast omsyn til signal om trekk i rammeoverføringar, bortfall av statlege tilskott som er tidsavgrensa o.l., slik at budsjettutkastet ikkje legg opp til eit for høgt driftsnivå!

16. Administrasjonen blir oppmoda om å utgreie muligheita for å innføre eigedomsskatt på energiverk, overføringsanlegg og kraftlinjer. Dette skal leggast fram for formannskapet i god tid før årsbudsjettet for 2020 skal behandlast.

Investeringsbudsjett:

Rådmannens utkast til investeringsbudsjett vert vedteke med desse tilleggga for 2019:

Investeringsbudsjettet:	
Enøk-tiltak BUAS	2 250 000
Trafikktryggleiktiltak	150 000
Flaumsikring	300 000
Styrking vegar	2 000 000
Nysætra veg - mot fond (over tid)	10 000 000
Til disp rådmann/formannskap	1 000 000
Endringsforslag	15 700 000